



Styreleiar i Opplæringskontoret i Austevoll
Hege Øye Lauvik
Gullsmedvegen 7
5397 Bekkjarvik

Dato: 12.07.2018
Vår ref.: 2014/24617-26
Saksbehandlar: sigekel
Dykkar ref.:

Oppfølging av Opplæringskontoret i Austevoll - møte 5.7.18 - krav om tiltak

Fylkeskommunen viser møte 5.7.18 og ber igjen om følgjande:

- Det må bli sett inn strakstiltak jamfør forhold som fylkeskommunen la fram i møtet
- Det må utarbeidast ein tiltaksplan som gir oversyn over dei tiltak som vert sett i gong, prioritering og tidsfristar for gjennomføring
- Dagleg leiar skal ikkje ha direkte kontakt inn mot elevar og lærlingar i tida framover
- Fortlöpande informasjon og dialog i forhold som kan ha betydning for fylkeskommunen sitt arbeid

Fylkeskommunen vil gjøre merksam på at lista ikkje er uttømmande. Styret og opplæringskontoret pliktar å setje seg inn i gjeldande regelverk og følgje dei. De må sjølv og på eige initiativ sette inn nødvendige tiltak.

I etterkant av møtet 5.7.18, finn vi det rett å kommentere at styreleiar fleire gonger både på telefon og i møte har sagt at fylkeskommunen gir svært korte fristar. Vi har gjennomgått dokumentasjon og vil komme med ei presisering. I møte av 13.6.18 gjennomgikk fylkeskommunen varsel og konkrete saker i møtet. All dokumentasjon, som det vart referert til, vart delt ut i møtet. Utkast til referat vart sendt til styreleiar for kommentar 18.6.18. I telefonsamtale mellom styreleiar og Signe Ekeland 19.6.18 varsla fylkeskommunen at det vert sett frist til 25.6.18. Styreleiar uttalte på telefon til Ekeland at det ikkjeasta med referatet til styremøtet 19.6.18. Utkastet til referat, kor styreleiar ønskja nokre språklege endringar, kunne ho bruke i møtet. Det gikk 13 dagar frå den grundige gjennomgangen fylkeskommunen hadde i møte med styret, til frist for innsending gjekk ut. Frist vart også utvida med to dagar.

Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for vidaregåande opplæring. Opplæringskontoret for Austevoll er fylkeskommunen sin forlenga arm i dette arbeidet. Det er ikkje urimelig å forvente at opplæringskontoret ved styret skal setje i verk tiltak med ein gong for å sikre at opplæringa av lærlingane er i tråd med regelverket.

I møtet 5.7.18, gjorde fylkesdirektør for opplæring, Svein Heggheim, det klart for styret i opplæringskontoret at han ser svært alvorlig på sakene som omhandlar opplæringskontoret. Han sa vidare klart i frå om at direktøren ikkje kan finne seg i at det oppstår ei sak til. Fylkeskommunen krev at styret set inn tiltak som sikrar dette.

Vedlagt følgjer fylkeskommunen sitt referat frå møtet 5.7.18.

Ragnhild Ravna Skjærvik
leiar

Signe Ekeland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.